
Frå: MAGNUS KAaRE NATAAaS <magnkan@online.no>
Send: søndag 20. desember 2020 23:48
Til: Øystein Hafnor Kolstad
Emne: Om dyr på utmarksbeite og kontroll.

HALLO,

Fekk ei melding vedr. kontroll om dyr på utmarksbeite. Vil svara at det er ikkje eg som skal kontrollera, men andre. Eg slepper dyra mine utanfor gjerdet mellom inn- og utmark hjå meg sjølv. Det har vi alltid gjort så lenge det har budd folk her, vil eg tru. Halve innmarka mi har grense mot utmark som eg eig. Denne utmarka har vidare avgrensing mot sjø og elva Storelva, i hovudsak, men også eit stykke med gjerde mot fylkesvegen til Sævråsvåg. Av dei tre bruka på Sæverås, gardsnr. 42, er det gjerde mot utmark på bruk 1, nr. 2 og 3 har ikkje det lenger, då drifta her vart nedlagt for snart seksti år sidan. For 25 år sidan vart eg difor samd med desse grunneigarane om å setja eit gjerde på innmarka som framleis ikkje var teken i bruk for bustadbygging, med det formål at dyra ikkje skulle opphalda seg i området kring husa. På bruk nr. 2 hadde eg i 2020 avgrensing mot utmarka med straumgjerdeband. Det var då eit areal på 4,5 dekar innmark tilbake på bruk 3 som dyra hadde tilgang til samtidig med utmarka nordover frå Sæverås. For eit par år sidan sette eg opp eit gjerde i eiga utmark som skulle vera ei hjelp til at eg kunne halda ei gruppe med dyr som gjekk nordover langs elva, og gjerne mot Lindneset (kommunal veg med ferist mot innmark i begge endar, og ei anna gruppe som beita nordover frå Sæverås. Dette fugerte heilt etter plan i 2020.

Med dei høge tilskota som i dag finst nettopp for dyr på utmarksbeite, er det sikkert anten best økonomi i å slutta å bry seg om å drifta denne innmarka på bruk 3 på Sæverås, eller for meg å investera i endå fleire el-apparat for å halda dyra unna denne innmarka i fem veker, som krevst. Spørst kor stort det blir aktuelt å driva frametter. No finst det no dei som gjødslar utmark og sikkert mottek tilskot for at dyra beitar der, men det får no vera ei anna sak. Denne problematikken har eg lufta for dykk tidlegare, og fekk som nokså forventa eit mest mogleg generelt og kort svar.

Så var det eit spørsmål om sleppedato, og då må eg visa til at eg aldri har lese at det skal vera noko krav om at dyra skal ha ein samanhengande periode på fem veker for at det skal gje rett til tilskot. Det var likevel tilfelle for 6 vaksne som gjekk i området nær elva etter at lamma var tekne ifrå, frå slutten av august til nærare midten av oktober. Dette kan, og framfor alt bør, lett aukast seinare år. Til sist, førde opp tap av ein vaksen sau på utmark. Dette kan kontrollerast ved at restane lett kan finnast i utmarka nordfor Sævrå. Ein viss form for kontroll er også å spørja folk på Sævrås og i Lindneset, Dag Bjørnevoll, og Øystein Natås om dei ha sett dyr mine i utmark.

Vyrdsamt
Magnus Natås.